

Til foreldre med barn som skal byrje på xxxxx skole hausten 20XX:

Visste du at du kan velje nynorsk for barnet ditt?

Vi er foreldre til barn som skal gå på xxxxx skole, og vi ynskjer å høyre med foreldre til ungar som soknar til xxxxx skole om de er interesserte i få starta ein nynorskklasse frå hausten 20XX.

Ein nynorskklasse er ein heilt vanleg parallellklasse med nynorsk som opplæringspråk, medan bokmål er det vanlege for resten av skulen. Nynorskklassen har nett den same undervisninga som bokmålsklassane i alle fag, berre på nynorsk.

Kvifor velje nynorskklasse?

- Alle barn skal lære både bokmål og nynorsk på skulen – foreldra vel berre kva skriftspråk dei skal lære fyrst.
- Med nynorsk frå fyrste klasse lærer elevane nynorsk og bokmål like bra, sidan bokmål kjem «gratis» gjennom samfunnet elles.
- Elevane har større sjanse til å bli flinke i språk, og får jamt høgare karakter i sidemål.
- Elevane lærer eit språk som byggjer på heile den norske språkarven.
- Barn i alderen 3 - 10 år er svært evnerike når det gjeld å lære nye språk.
- Dei som kan begge skriftspråka, har ein fordel i arbeidslivet.

Det har aldri vore meir nynorsk i Noreg enn i dag. Barna våre er vane med språkleg variasjon, og er mindre negative til eit fleirspråkleg Noreg. Det er sjølv sagt ikkje det nynorske språket som er årsaka til at dei fleste skriv bokmål i dag. Det er ganske enkelt at bokmål dominerer i samfunnet.

Nokre av oss har barn i dei nynorskklassane som alt finst på xxxxxx, og vi og barna våre er svært nøgde med at vi valde nynorskklasse.

Korleis fungerer det?

Om foreldra til minst 10 elevar på eit klassesteg vel nynorsk, skal det etter opplæringslova opprettast ein nynorsk parallellklasse ved skulen.

Val av nynorsk kan skje ved innskriving eller seinare på året. Krav om nynorskklasse kan fremjast kva tid som helst når minst 10 foreldre er samde om det. Innskrivinga er altså ikkje siste frist for å velje nynorsk.

Ynskjer du nynorsk som opplæringsmål for barnet ditt, eller har du lyst til å vite meir?

Ta kontakt med *foreldregruppa for nynorskklasse v/*